

**Laurdag 1.oktober klokka 18 er det haustkonsert i Aktivitetshuset .  
På konserten vil det vere tre songkor som deltek ; *Laksevåg Blandet Kor,*  
*Rosendal songlag* og *Røysterett for alle.***

Laksevåg Blandet Kor er eit av dei største blandakora i Bergen, med over 60 aktive songarar.

På haustkonserten vil dei m.a.synge Negro spiritual, bruremarsj av Halvdan Sivertsen, og ein song som ergjort kjent med Elvis Presley.

Rosendal songlag var på ein kjempetur til Irland i mai, og dei vil synge renessansemusikk og irske folketonar.

Røysterett for alle, som også var på ein svært vellukka utanlandstur i sommar - til Italia - vil synge utdrag frå repertoaret vårt og noko nytt.

På to av songane vil Røysterett for alle ha solistar frå eigne rekker.

Ingrid Handeland blir med på konserten. Ho skal akkompagnere på klaver, ein song for begge dei lokale kora.

Turid Våge er dirigent for Laksevåg Blandet Kor og Maria Malmsten er dirigenten for både Rosendal songlag og Røysterett for alle.

**Ta ein tur til Aktivitetshuset laurdagskvelden.  
Vi ønskjer hjarteleg velkomen!**

Helsing Røysterett for alle